



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 13.12.2018
Møtetid: Kl. 09:00 - 17:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdal	A
Harald Boge	A
Nils Aadland	A
Olaug Karin Øystese	A
Tveiterås, Vidar	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL
Martin Haugen	BL
Solveig Vassenden	BL
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bogevik,	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Gunnar J. Bruvik	FRP	Ingvild Raffevoll Bogevik	FRP
Odd Arne Haga	FRP	Svein Verner Røseth	FRP
Karl Kollbotn	FRP	Ingen	
Inge Aasgaard	KRF	Kristian Jørgensen	UAVH

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgievar Jan Erik Boge
- Sektorleiar Heidi Fossdal (under sak 061)
- Økonomisjef Nina Erdal (under sak 054 og 061)
- Planleggjar Roald Aandahl (under sak 052 og 053)
- Lensmann Terje Sperrevik (under orienteringa om politiet sitt arbeid i Samnanger)
- Politikontakt Anders Opsal (under orienteringa om politiet sitt arbeid i Samnanger)

Dokument vart sendt ut/delt ut i møtet:

- Grunngeve spørsmål frå Frp
- Rådmannen sitt svar på grunngeve spørsmål frå Frp
- Tilleggsdokument til sak 053/2018 : *"Uønska hending H17 - Bortfall av all telefoni i kommunen"*
- Rapport frå Fjornes Holding AS: *"Gjennomgang av kommunale virksomheter"*

Alle desse dokumenta ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 13.02.2019

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
049/2018	18/1785	Faste saker	
050/2018	18/1772	Godkjenning av møteplan for 2019	
051/2018	18/1673	Innmelding i Stiftinga Kystsogevakene	
052/2018	18/1041	Stadfesting av planprogram for detaljreguleringsplan for Høysetervegen 136, gnr. 35 bnr. 4 m.fl.	
053/2018	18/1730	Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune	
054/2018	18/435	Økonomirapportering pr november 2018	
055/2018	18/787	Vurdering av barnevernsaker i Samnanger kommune	
056/2018	18/1674	Tilsynsavgift - sal av tobakksvarer etter tobakkskadeloven	
057/2018	18/1050	Renovasjonsgebyr 2019	
058/2018	18/1563	Reglar om møtegodtgjersle til medlemmer av mellombelse nemnder og ad hoc-utval	
059/2018	18/1090	Regulering av møtegodtgjersle for Ungdomsrådet	
060/2018	18/1508	Fastsetjing av betalingssatsar for kommunale vigslar	
061/2018	18/556	Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022	
1	18/1157	Interpellasjon	

SAKNR. 049/2018: Faste saker

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

Orientering frå politiet

Lensmann Terje Sperrevik og politikontakt Anders Opsal orienterte mellom anna om politiet sitt arbeid i Samnanger. Dei svara òg på spørsmål frå kommunestyret.

Orienteringssaker

Avtale om tenestetilbod mellom Samnanger kommune og Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til avtaledokumentet som låg ved møteinnkallinga.

Julegåve til born i Samnanger med utfordrande livssituasjon

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til forslag om at kommunestyremedlemmene gir 400 kroner av møtegodtgjersla frå kommunestyremøtet 13.12.2018 til julegåver til born med ein utfordrande livssituasjon. Kommunestyret slutta seg til dette forslaget, på dei vilkåra som går fram av e-post sendt til kommunestyret 30.11.2018.

Tannlegekontoret på Tysse

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Han viste til e-post med informasjon om tannlegekontoret. Han orienterte òg om status for pilotprosjektet med kommunale tannlegekontor.

Orientering om rettssak Rolvsvåg Industrihavn AS

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte og viste til informasjonen som er sendt ut til kommunestyret.

Budsjettuttalar frå ungdomsrådet, eldrerådet, arbeidsmiljøutvalet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne og kyrkjestyret?

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om dei innkomne uttalane, som gjeld kommunestyresak 061/2018 (*Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022*).

Kostnadsauke ordførargodtgjersle og godtgjersle for folkevalde

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til notatet som låg ved møteinnkallinga.

Kostnadsauke godtgjersle for ungdomsrådet

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til notatet som låg ved møteinnkallinga.

Grunngjeve spørsmål frå Frp

Svein Werner Røseth (Frp) las opp det grunngjevne spørsmålet. Charlotte Hageberg las opp rådmannen sitt svar. Det grunngjevne spørsmålet og rådmannen sitt svar ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Utvalet sitt kvarter

Skilting av kommunale bygg

Solveig Vassenden (Bl) etterlyste betre skilting av mellom anna helsetunet og Samnangerheimen. Ordføreren nemnde i same samanhengen òg manglande skilting på kommunehuset.

Passkontor

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om det er gjort noko frå ordføreren si side knytt til nedlegginga av passkontoret i Norheimsund. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara.

Handsaming av interpellasjon

Kommunestyret slutta seg til ønske frå ordføreren om at interpellasjonen frå Øyvind Røen (Sp) om vindturbinar i Samnanger vart handsama etter sak 049/2018.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøstes vedteke.

KS- 049/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 050/2018: Godkjenning av møteplan for 2019

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til rådmannen sitt framlegg:

1. *Heildagsmøte for kommunestyre vert flytta frå 12. desember til 5. desember. Konsekvensen av dette vert at formannskapsmøte i forkant må flyttast frå 21. nov. til 14.nov. (Dette p.g.a. høringsfristen på 3 veker.)*
2. *Budsjettmøte i kommunestyre skal ikkje vera seinare enn 1. veka i desember.*

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram framlegg om å flytta kommunestyremøtet i juni frå 13. juni til enten 6. juni eller 20. juni.

Brigt Olav Gåsdaal (A) orienterte om at første møte i kontrollutvalet i 2019 vert den 4. februar. Resten av møteplanen for kontrollutvalet for 2019 vert vedteken av kontrollutvalet seinare.

Resten av handsaminga av denne saka (sak 050/2018) vart utsett, og vart gjort etter handsaminga av sak 060/2018.

Etter handsaminga av sak 060/2018 orienterte ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om at administrasjonen, etter å ha gått gjennom framlegga frå Olaug Øystese og Øyvind Strømmen, foreslo følgjande tillegg/presiseringar til desse framlegga:

- Møta som er sett opp 2. desember i arbeidsmiljøtvalet, eldrerådet og rådet frå personar med nedsett funksjonsevne vert flytta til 25. november.
- Kommunestyret sitt junimøte vert flytta til 6. juni.
- Naturutvalet sitt "reservemøte" vert flytta frå 4. juni til 28. mai.

Rådmannen sitt framlegg, justert med endringsframlegga og presieringane frå administrasjonen som vart lagt fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

KS- 050/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til møteplan for 2019 vert vedteke med følgjande endringar:

1. Heildagsmøte for kommunestyret vert flytta frå 12. desember til 5. desember. Konsekvensen av dette vert at formannskapsmøtet i forkant må flyttast frå 21. november til 14. november (dette p.g.a. høyringsfristen på 3 veker).
2. Budsjettmøte i kommunestyre skal ikkje vera seinare enn 1. veka i desember.
3. Møta som er sett opp 2. desember i arbeidsmiljøtvalet, eldrerådet og rådet frå personar med nedsett funksjonsevne vert flytta til 25. november.
4. Kommunestyret sitt junimøte vert flytta til 6. juni.
5. Naturutvalet sitt "reservemøte" vert flytta frå 4. juni til 28. mai.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til møteplan for 2019 vert vedteke. Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova.

SAKNR. 051/2018: Innmelding i Stiftinga Kystsogevkene

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 18 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Brigt Olav Gåsdal (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Olaug Øystese (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnna (Sp)	
Kristian Jørgensen (Uavh)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Ingvild Raftevoll Bogevik (Frp)	
Svein Verner Røseth (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	

KS- 051/2018 Vedtak:

Samnanger kommune melder seg inn i Stiftinga Kystsogevøkene. Kontingenten på kr 10 000 vert dekkja av midlar som i budsjettet for 2019 er sett av til marknadsføring knt 11402.1400.3251.

22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 054/2018 Vedtak:

Samnanger kommune melder seg inn i Stiftinga Kystsogevøkene. Kontingenten på kr 10 000 vert dekkja av midlar som i budsjettet for 2019 er sett av til marknadsføring knt 11402.1400.3251.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune melder seg inn i Stiftinga Kystsogevøkene. Kontingenten på kr 10 000 vert dekkja av midlar som i budsjettet for 2019 er sett av til marknadsføring knt 11402.1400.3251.

SAKNR. 052/2018: Stadfesting av planprogram for detaljreguleringsplan for Høysetervegen 136, gnr. 35 bnr. 4 m.fl.**13.12.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Naturutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 052/2018 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 vert planprogram for «*detaljregulering av Høysetevegen 136, Gnr. 35 bnr. 4, Børdalen Næringsområde*», revisjonsdato 29.11.2018, fastsett av Samnanger kommunestyre.

04.12.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordførar, Ø.Røen, bad om at i vedtak til kommunestyret bør det gå fram at det er Samnanger kommune som gjer vedtak. Utvalet slutta seg til korrigeringa.

Utvalet slutta seg og til at det vert lagt inn meir utfyllande vurderingar/oppsummering i saksutgreiinga som går til kommunestyret.

NAT- 022/2018 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 planprogram for «*detaljregulering av Høysetervegen 136, Gnr. 35 bnr. 4, Børdalen Næringsområde*», revisjonsdato, 29-11.2018 fastsett av Samnanger kommunestyre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 vert planprogram for «*detaljregulering av Høysetevegen 136, Gnr. 35 bnr. 4, Børdalen Næringsområde*», revisjonsdato 29.11.2018, fastsett av Samnanger kommunestyre.

SAKNR. 053/2018: Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det vart innleiingsvis under handsaminga delt ut eit tilleggsdokument ("*H17 - Uønska hending - Bortfall av all telefoni i kommunen*"). Dette tilleggsdokumentet vert lagt inn i saka. Med dette tillegget vart naturutvalet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 053/2018 Vedtak:

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrisar.

04.12.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke

NAT- 021/2018 Vedtak:

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrisar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrisar.

SAKNR. 054/2018: Økonomirapportering pr november 2018

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) bad om punktvis avrøysting om kvart avsnitt i rådmannen sitt framlegg.

Første avsnitt i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Andre avsnitt i rådmannen sitt framlegg vart ikkje vedteke. 8 representantar røysta for og 12 røysta imot.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Brigt Olav Gåsdal (A)	Vidar Tveiterås (A)
Olaug Øystese (A)	Arild Røen (H)
Harald Boge (A)	Sture Tveit (H)
Øyvind Strømmen (Mdg)	Kristian Jørgensen (Uavh)
Øyvind Røen (Sp)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Monica Tjønnå (Sp)	Ingvild Raftvoll Bogevik (Frp)
Gunn Totland Moss (Krf)	Svein Verner Røseth (Frp)
	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)

Tredje avsnitt i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 054/2018 Vedtak:

Budsjettjustering vert gjort i samvar med vedlagt tabell.

Fungerande ordførar og fungerande varaordførar får utbetalt godtgjering for dei to vekene ordførarar er ute i omsorgspermisjon. Finansiering er innsparing på møtegodtgjering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjettjustering vert gjort i samvar med vedlagt tabell.

Samnanger kommune støtter Norsk lyntogforum med kr 25 000 i 2018. Løyvinga ligg inne i budsjettet for 2018. Samnanger kommune støttar Norsk lyntogforum med kr 25 000 pr år til det evt. vert gjort vedtak om å ikkje gi støtte.

Fungerande ordførar og fungerande varaordførar får utbetalt godtgjering for dei to vekene ordførarar er ute i omsorgspermisjon. Finansiering er innsparing på møtegodtgjering.

SAKNR. 055/2018: Vurdering av barnevernsaker i Samnanger kommune

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten bad Olaug Øystese (A) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Brigt Olav Gåsdal (A) fram følgande utsetningsframlegg:

- *Kommunestyret ber om meir utfyllande informasjon for å få betre grunnlag for å vurdere om saka skal opnast.*

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det røysta over utsetjingsframlegget til Brigt Olav Gåsdal, som vart vedteke med 12 mot 8 røyster.

For	Imot
Brigt Olav Gåsdal (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Lena Tveit (Bl)
Olaug Øystese (A)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Harald Boge (A)	Martin Haugen (Bl)
Nils Aadland (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Strømmen (Mdg)	Øyvind Røen (Sp)
Kristian Jørgensen (Uavh)	Monica Tjønnå (Sp)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Gunn Totland Moss (Krf)
Ingvild Raftvoll Bøgevik (Frp)	
Svein Verner Røseth (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	

KS- 055/2018 Vedtak:

Kommunestyret ber om meir utfyllande informasjon for å få betre grunnlag for å vurdera om saka skal opnast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert iverksatt ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukt.

Det må så langt som mogleg konkluderast i kvar av dei tre sakene og seiast noko om det ligg føre nokon grunn til oppreising i sakene. Rapport frå granskinga må liggja føre innan utgangen av mai 2019. Kommunestyret skal få presentert resultatet av granskinga når rapporten ligg føre.

Rådmannen har ansvar for å førebu og gjennomføra konkurranse om granskingsoppdraget, og for å velja leverandør og inngå kontrakt med dei som skal gjennomføra oppdraget. Det er ein førestnad at dei som skal gjennomføra oppdraget, må ha nødvendig barnevernfagleg og juridisk kompetanse. Det vert løyvd 600.000 kroner til dette arbeidet, finansiert av disposisjonsfondet. Dersom det vert behov for ytterlegare midlar, må det leggast fram sak om dette i kommunestyret.

SAKNR. 056/2018: Tilsynsavgift - sal av tobakksvarer etter tobakkskadeloven

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 056/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å kreva inn årleg tilsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 057/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å krevja inn årleg tillsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å krevja inn årleg tillsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

SAKNR. 057/2018: Renovasjonsgebyr 2019**13.12.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 057/2018 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS delegerast mynde til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune, jmf § 12 i forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesten for 2019 setjast ned med 0,5 %, med unntak av eigenandelene for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert holdt uendra.

22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak varrt samrøystes vedteke.

FORM- 056/2018 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS delegerast mynde til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune, jmf § 12 i forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesten for 2019 setjast ned med 0,5 %, med unntak av eigenandelene for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert holdt uendra.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS delegerast mynde til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune, jmf § 12 i forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesten for 2019 setjast ned med 0,5 %, med unntak av eigenandelene for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert holdt uendra.

SAKNR. 058/2018: Reglar om møtegodtgjersle til medlemmer av mellombelse nemnder og ad hoc-utval

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) viste til at administrasjonsutvalet ikkje er med i punkt a (høg sats) i rådmannen sitt framlegg til vedtak, og spurde om dette betyr at administrasjonsutvalet ligg i punkt b (låg sats). Rådgjever Jan Erik Boge orienterte om at det er ei forgløyming frå administrasjonen si side at administrasjonutvalet ikkje er med i punkt a (høg sats) i rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke, men med følgjande endring:

- Administrasjonsutvalet vert lagt inn i punkt a (høg sats).

KS- 058/2018 Vedtak:

Med verknad frå 01.01.2019 vert punkt 4.1 om møtegodtgjersle i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde endra til:

- Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt.*
- Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune.*
- Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor. Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.*
- For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle.*

For møte i hallnemnda i 2018 vert det utbetalt møtegodtgjersle i samsvar med noverande punkt 4.1 i reglementet, det vil seie 0,2% av ordførargodtgjersla. Det vert utbetalt møtegodtgjersle til alle medlemmene i hallnemnda for møte i 2018.

For møte i hallnemnda i 2019 vert det utbetalt møtegodtgjersle i samsvar med den nye ordlyden i punkt 4.1 i reglementet, det vil seie 0,1% av ordførargodtgjersla. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til dei folkevalde medlemmene i hallnemnda for møte i 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med verknad frå 01.01.2019 vert punkt 4.1 om møtegodtgjersle i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde endra til:

- Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt.*
- Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande*

medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune.

- c. *Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor. Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.*
- d. *For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle.*

For møte i hallnemnda i 2018 vert det utbetalt møtegodtgjersle i samsvar med noverande punkt 4.1 i reglementet, det vil seie 0,2% av ordførargodtgjersla. Det vert utbetalt møtegodtgjersle til alle medlemmene i hallnemnda for møte i 2018.

For møte i hallnemnda i 2019 vert det utbetalt møtegodtgjersle i samsvar med den nye ordlyden i punkt 4.1 i reglementet, det vil seie 0,1% av ordførargodtgjersla. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til dei folkevalde medlemmene i hallnemnda for møte i 2019.

SAKNR. 059/2018: Regulering av møtegodtgjersle for Ungdomsrådet

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 059/2018 Vedtak:

Møtegodtgjersle for ungdomsrådet sine medlemmar vert sett til kr. 400,- pr. møte.

22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Lena Tveit (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Møtegodtgjersle for ungdomsrådet sine medlemmar vert sett til kr. 400,- pr. møte.

Framlegget frå Lena Tveit (Bl) vart samrøystes vedteke.

FORM- 055/2018 Vedtak:

Møtegodtgjersle for ungdomsrådet sine medlemmar vert sett til kr. 400,- pr. møte.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SAKNR. 060/2018: Fastsetjing av betalingsssatsar for kommunale vigslar

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 060/2018 Vedtak:

Samnanger kommune innfører følgjande betalingssatsar for kommunale vigslar. Satsane gjeld med verknad frå 01.01.2019. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om kommunale vigslar.

Gebyr/betalingssats	Innbyggjarar i Samnanger / busette i utlandet *	Innbyggjarar frå andre kommunar
Gebyr for seremoni **	Utan kostnad	1000 kroner
Klargjering og rydding av seremonirom (kommunehuset eller Samnangerheimen)	Utan kostnad	500 kroner
Pynting av kommunen sitt seremonirom (blomar). Enkel pakke (avskorne blomar i vase) + levande lys ***	400 kroner	400 kroner
Vigsel i anna lokale enn kommunehuset eller Samnangerheimen	Brudeparet må bestilla og betala kostnadene til lokale sjølve. Brudeparet må òg sørgja for klargjering/pynting og rydding av lokalet sjølve, og betala for dette sjølve.	
Reisetid for vigslar (ved vigsel annan stad enn kommunehuset eller Samnangerheimen)	500 kroner pr. påbegynte time	
Reiseutgifter for vigslar (ved vigsel annan stad enn kommunehuset eller Samnangerheimen)	Faktiske kostnader, jf. reglar i kommunalt reiseregulativ	

**) Gjeld personar som ikkje er busette i Noreg, men som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap her.*

****) I tillegg til sjølve seremonien, dekkar betalingssatsen utgiftene til vigslar, klargjering/rydding av seremonirom, arbeid med vigselstest, melding om vigsel og anna før- og etterarbeid.*

*****) Inngår ikkje som standard for kommunal vigsel i Samnanger. Må bestillast særskilt.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune innfører følgjande betalingssatsar for kommunale vigslar. Satsane gjeld med verknad frå 01.01.2019. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om kommunale vigslar.

Gebyr/betalingssats	Innbyggjarar i Samnanger / busette i utlandet *	Innbyggjarar frå andre kommunar
Gebyr for seremoni **	Utan kostnad	1000 kroner
Klargjering og rydding av seremonirom (kommunehuset eller Samnangerheimen)	Utan kostnad	500 kroner
Pynting av kommunen sitt seremonirom (blomar). Enkel pakke (avskorne blomar i vase) + levande lys ***	400 kroner	400 kroner
Vigsel i anna lokale enn kommunehuset eller Samnangerheimen	Brudeparet må bestilla og betala kostnadene til lokale sjølve. Brudeparet må òg sørgja for klargjering/pynting og rydding av lokalet sjølve, og betala for dette sjølve.	
Reisetid for vigslar (ved vigsel annan stad enn kommunehuset eller Samnangerheimen)	500 kroner pr. påbegynte time	
Reiseutgifter for vigslar (ved vigsel annan stad enn kommunehuset eller Samnangerheimen)	Faktiske kostnader, jf. reglar i kommunalt reiseregulativ	

**) Gjeld personar som ikkje er busette i Noreg, men som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap her.*

****) I tillegg til sjølve seremonien, dekkar betalingssatsen utgiftene til vigslar, klargjering/rydding av seremonirom, arbeid med vigselstest, melding om vigsel og anna før- og etterarbeid.*

*****) Inngår ikkje som standard for kommunal vigsel i Samnanger. Må bestillast særskilt.*

SAKNR. 061/2018: Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Jon Magne Bogevik (Uavh) bad om at rapporten om kommunen si drift som Fjornes Holding AS har utarbeidd, vert sendt ut til alle medlemmene i kommunestyret. Ordføraren slutta seg til dette ønsket. Administrasjonen sende etter dette ut rapporten på e-post til kommunestyret.

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg:

Dette er budsjettframlegget eg vil leggja fram. Eg set det i utgangspunktet fram som eit samla budsjettframlegg, men er open for å finna løysingar i samarbeid med andre parti.

Budsjettet vert vedteke i tråd med innstillinga, med følgjande endringar:

- Innsparinga på First Responder frå andre kvartal 2019 vert reversert, finansiert gjennom å redusera avsetjing til disposisjonfond med kr. 567.600.

- Evaluering av First Responder vert likevel gjennomført.

- Det vert i budsjettet 2019 sett av 300.000 kroner til eit klimafond, som skal nyttast til klimatiltak i 2019, eller seinare - som eit resultat av klimaplanarbeidet. Dette vert gjort for å sikra klimaarbeidet midlar, også i ein evt. krevjande økonomisk situasjon i åra som kjem. Avsetting til disposisjonfond vert redusert tilsvarande.

- Det vert løyva 100.000 kroner til plastoppyrdding i kommunen, som ein søkbar pott for organisasjonar og lag. Dette grepet vert teke for å kombinera innsats for plastoppyrdding med ei moglegheit for organisasjonar og lag til å få eit ekstra tilskot knytt til dugnadsarbeid. Avsetting til disposisjonfond vert redusert tilsvarande.

Bright Olav Gåsdal (A) sette fram følgjande framlegg:

Budsjettframlegget for 2019 inneber store nedskjeringar på dei fleste tenesteområde. For å ha ei god oppfølging med vedtaket, skal formannskapet fortløpande haldast orientert om utviklinga innafor einingane.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg, på vegner av seg sjølv og Øyvind Røen (Sp):

Det skal i 2019, seinast til kommunestyret sitt junimøte, gjerast ei brei og god evaluering av First Responder i Samnanger kommune. Her skal og sjåast på andre reelle tiltak som kan tryggja våre innbyggjare på. Administrasjon skal samtidig jobba parallelt med å prøva å få til løysing med fylket/helse Bergen, der Samnanger kommune igjen får eigen stasjonert sjukebil.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande reviderte framlegg, på vegner av seg sjølv, Øyvind Røen (Sp) og Vidar Tveiterås (A). Dette framlegget erstatta det førre framlegget som Monica Tjønnå sette fram:

First responder-tenesta skal inntil vidare fungere uendra, det skal i 2019, seinast til kommunestyret sitt junimøte, gjerast ei brei og god evaluering av First Responder i Samnanger kommune. Her skal og sjåast på andre reelle tiltak som kan tryggja våre innbyggjare på. Administrasjon skal samtidig jobba parallelt med å prøva å få til løysing med fylket/helse Bergen, der Samnanger kommune igjen får eigen stasjonert sjukebil.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:

Tilleggspunkt

Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka ordførargodtgjersla frå 80% til 85% frå og med 2019, vert det gjort følgjande endringar i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- *Budsjettsummen til ordførargodtgjersle vert auka med 47 800 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til varaordførargodtgjersle vert auka med 2 800 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1000 (kommunestyret/politiske organ) vert auka med 27 000 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1002 (stortingsval/kommuneval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1101 (kontrollutval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*

Kostnadsauken blir finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt

Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka møtegodtgjersla til ungdomsrådet frå 100 til 400 kroner, vert det gjort følgjande endring i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle for ungdomsrådet vert auka med 12 000 kroner.*

Kostnadsauken vert finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonsfondet.

Tilleggspunkt

Det vert skriva ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringsseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 være redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel til §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eige-domsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019: Det vert skrivne ut eige-domsskatt på faste eige-domar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a.

Tilleggspunkt - Kvalitetsdialog om modell for bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter

Samnanger kommune skal i 2019 gjennomføre kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vere at kommunen har bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søker løysingar med størst mogeleg grad av rettferdighet.

Fortslag til ny vegmodell skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av om-klassifisering av fylkesvegar, ref. Handlingsprogram 2018 – 2021.

Til gjennomføring av kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune blir det satt ned ei nemnd beståande av følgjande personar:

- 1. Ordførar – Bl - leiar av nemnd*
- 2. Vidar Tveiterås – Ap*
- 3. Øyvind Røen – Sp*
- 4. Sture Tveit – H*
- 5. Odd Arne Haga – Frp*
- 6. Gunn Toland Moss - KrF*
- 7. Øyvind Strømmen - Mdg*
- 8. Leiar drift Teknisk eining (skrivar)*

Nemnda konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.

Det er ei målsetting at eventuelle anbefalte løysingar skal vere klar vår 2019.

Tilleggspunkt

Samnanger kommune skal vurdere å søkje støtte til klimasatsing i kommunane – ref. miljøkommune.no. Frist for å søkje er 15.02.19. Formannskapet får ei orientering 07.02.19 om administrasjonen anbefaler å søkje.

Øyvind Strømmen (Mdg) trekte det første framlegget sitt, og sette fram følgjande nye framlegg der han hadde bakt inn og samanfatta dei andre framlegga som var sett fram i møtet:

Eg trekkjer mitt tidlegare framlegg, og set fram dette framlegget, der eg har bakt inn punkta andre har føreslått:

Budsjettet vert vedteke i tråd med innstillinga, men med følgjande endringar:

1. Innsparinga på First Responder frå andre kvartal 2019 vert reversert, finansiert gjennom å redusera avsetjing til disposisjonsfond med kr. 567.600.

2. Inntil vidare skal First Responder fungera uendra. Det skal i 2019, seinast til kommunestyret sitt junimøte, gjerast ei brei og god evaluering av First Responder i Samnanger kommune. Det skal her også sjåast på andre reelle tiltak som kan tryggja våre innbyggjarar, og ein skal søkja å finna ei løysing med Helse Bergen, der Samnanger kommune igjen får eigen stasjonert sjukebil.

3. Det vert i budsjettet 2019 sett av 300.000 kroner til eit klimafond, som skal nyttast til klimatiltak i 2019, eller seinare - som eit resultat av klimaplanarbeidet. Dette vert gjort for å sikra klimaarbeidet midlar, også i ein evt. krevjande økonomisk situasjon i åra som kjem. Avsetting til disposisjonsfond vert redusert tilsvarande.

Samnanger kommune skal også vurdere å søkje støtte til klimasatsing i kommunane – ref. miljøkommune.no. Frist for å søkje er 15.02.19. Formannskapet får ei orientering 07.02.19 om administrasjonen anbefaler å søkje.

4. Det vert løyva 100.000 kroner til plastopprydding i kommunen, som ein søkbar pott for organisasjonar og lag. Dette grepet vert teke for å kombinera innsats for plastopprydding med ei moglegheit for organisasjonar og lag til å få eit ekstra tilskot knytt til dugnadsarbeid. Avsetting til disposisjonfond vert redusert tilsvarande.

5. Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka ordførargodtgjersla frå 80% til 85% frå og med 2019, vert det gjort følgjande endringar i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- Budsjettsummen til ordførargodtgjersle vert auka med 47 800 kroner pluss avgifter.
- Budsjettsummen til varaordførargodtgjersle vert auka med 2 800 kroner pluss avgifter.
- Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1000 (kommunestyret/politiske organ) vert auka med 27 000 kroner pluss avgifter.
- Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1002 (stortingsval/kommuneval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.
- Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1101 (kontrollutval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.

Kostnadsauken blir finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonfondet.

6. Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka møtegodtgjersla til ungdomsrådet frå 100 til 400 kroner, vert det gjort følgjande endring i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- Budsjettsummen til møtegodtgjersle for ungdomsrådet vert auka med 12 000 kroner.

Kostnadsauken vert finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonsfondet.

7. Det vert skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takseras og reknas som næringseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 være redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel til §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a.

8. Samnanger kommune skal i 2019 gjennomføre kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vere at kommunen har bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søkjer løysingar med størst mogeleg grad av rettferdighet.

Fortslog til ny vegmodell skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av om-klassifisering av fylkesvegar, ref. Handlingsprogram 2018 – 2021.

Til gjennomføring av kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune blir det satt ned ei nemnd bestående av følgjande personar:

1. Ordførar – Bl - leiar av nemnd
2. Vidar Tveiterås – Ap
3. Øyvind Røen – Sp
4. Sture Tveit – H
5. Odd Arne Haga – Frp
6. Gunn Totland Moss – KrF
7. Øyvind Strømmen - Mdg
8. Leiar drift Teknisk eining (skrivar)

Nemnda konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.

Det er ei målsetting at eventuelle anbefalte løysingar skal vere klar vår 2019.

9. Budsjetframlegget for 2019 inneber store nedskjeringar på dei fleste tenesteområde. For å ha ei god oppfølging med vedtaket, skal formannskapet fortløpande haldast orientert om utviklinga innanfor einingane.

Etter at Øyvind Strømmen hadde sett fram dette framlegget var det gruppemøte.

Nils Aadland (A) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til Øyvind Strømmen sitt siste framlegg:

Jeg vil foreslå at fond nevnt under pkt. 3 endre navn fra klimafond til bærekraftsutviklings fond. Dette da det treffer flere tiltak i utvikling også miljø og klima.

Monica Tjønnå (Sp) trekte framlegget sitt.

Øyvind Strømmen (Mdg) viste til endringsframlegget til Nils Aadland, og sette fram følgjande presiering:

Dette er ei justering av framlegget som eg ikkje har nokon innvendingar mot, og difor justerer eg det i tråd med dette.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget sitt. Han informerte samstundes om at han oppfatta Øyvind Strømmen sitt nye framlegg som eit fellesframlegg for kommunestyret.

Brigt Olav Gåsdaal (A) trekte framlegget sitt.

Det vart røysta punktvis over fellesframlegget som Øyvind Strømmen hadde sett fram:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart vedteke med 18 mot 2 røyster. Øyvind Røen (Sp) og Monica Tjønnå (Sp) røysta imot. Dei andre medlemmene røysta for.

Punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Punkt 8 vart vedteke med 16 mot 4 røyster. Brigt Olav Gåsdaal (A), Nils Aadland (A), Olaug Øystese (A) og Jon Magne Bøgevik (Uavh) røysta imot. Dei andre medlemmene røysta for.

Punkt 9 vart samrøystes vedteke, med følgjande presiering: Det første ordet i punktet skal vera "Budsjettet", ikkje "Budsjetframlegget".

Det vart til slutt røysta over heile budsjett-/økonomiplanframlegget frå formannskapet med vedtekne endringar. Samrøystes vedteke.

KS- 061/2018 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering, med følgjande endringar vedtekne av kommunestyret:

1. *Innsparinga på First Responder frå andre kvartal 2019 vert reversert, finansiert gjennom å redusera avsetjing til disposisjonfond med kr. 567.600.*
2. *Inntil vidare skal First Responder fungera uendra. Det skal i 2019, seinast til kommunestyret sitt junimøte, gjerast ei brei og god evaluering av First Responder i Samnanger kommune. Det skal her også sjåast på andre reelle tiltak som kan tryggja våre innbyggjarar, og ein skal søkja å finna ei løysing med Helse Bergen, der Samnanger kommune igjen får eigen stasjonert sjukebil.*
3. *Det vert i budsjettet 2019 sett av 300.000 kroner til eit berekraftutviklingsfond, som skal nyttast til berekraftutviklingstiltak i 2019, eller seinare - som eit resultat av berekraftutviklingsplanarbeidet. Dette vert gjort for å sikra berekraftutviklingsarbeidet midlar, også i ein evt. krevjande økonomisk situasjon i åra som kjem. Avsetting til disposisjonfond vert redusert tilsvarande.*

Samnanger kommune skal også vurdere å søkje støtte til klimasatsing i kommunane – ref. miljokommune.no. Frist for å søkje er 15.02.19. Formannskapet får ei orientering 07.02.19 om administrasjonen anbefaler å søkje.

4. *Det vert løyva 100.000 kroner til plastoppyrdding i kommunen, som ein søkbar pott for organisasjonar og lag. Dette grepet vert teke for å kombinera innsats for plastoppyrdding med ei moglegheit for organisasjonar og lag til å få eit ekstra tilskot knytt til dugnadsarbeid. Avsetting til disposisjonfond vert redusert tilsvarande.*
5. *Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka ordførargodtgjersla frå 80% til 85% frå og med 2019, vert det gjort følgjande endringar i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:*
 - *Budsjettsummen til ordførargodtgjersle vert auka med 47 800 kroner pluss avgifter.*
 - *Budsjettsummen til varaordførargodtgjersle vert auka med 2 800 kroner pluss avgifter.*
 - *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1000 (kommunestyret/politiske organ) vert auka med 27 000 kroner pluss avgifter.*
 - *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1002 (stortingsval/kommuneval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*
 - *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1101 (kontrollutval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*
 - *Kostnadsauken blir finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonfondet.*
6. *Som følgje av kommunestyret sitt vedtak om å auka møtegodtgjersla til ungdomsrådet frå 100 til 400 kroner, vert det gjort følgjande endring i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:*
 - *Budsjettsummen til møtegodtgjersle for ungdomsrådet vert auka med 12 000 kroner.*
 - *Kostnaden vert finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonfondet.*

7. *Det vert skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takseras og reknas som næringsseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 være redusert med ein sjuandedel (jfr. overgangsregel til §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.*

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a.

8. *Samnanger kommune skal i 2019 gjennomføre kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vere at kommunen har berekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søker løysingar med størst mogeleg grad av rettferdighet.*

Forslag til ny vegmodell skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av omklassifisering av fylkesvegar, ref. Handlingsprogram 2018 – 2021.

Til gjennomføring av kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune blir det satt ned ei nemnd beståande av følgjande personar:

- 1. Ordførar – Bl - leiar av nemnd*
- 2. Vidar Tveiterås – Ap*
- 3. Øyvind Røen – Sp*
- 4. Sture Tveit – H*
- 5. Odd Arne Haga – Frp*
- 6. Gunn Totland Moss – Krf*
- 7. Øyvind Strømmen - Mdg*
- 8. Leiar drift Teknisk eining (skrivar)*

Nemnda konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.

Det er ei målsetting at eventuelle anbefalte løysingar skal vere klar vår 2019.

9. *Budsjettframlegget for 2019 inneber store nedskjeringar på dei fleste tenesteområde. For å ha ei god oppfølging med vedtaket, skal formannskapet fortløpande haldast orientert om utviklinga innanfor einingane.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 22 millionar i 2019 til finansieringa av Skottabakken. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha to avdragsfrie år. Me vil i tillegg ta opp eit byggelån på 10.486.000 kroner som vil bli tilbakebetalt så snart Husbanken betalar ut sitt tilskot.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 700 000 kroner i 2019. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a.

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigeodomen (gjeld og fritidseigeodome) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigeodomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skriva ut eigeodomekkatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takseras og reknas som næringsseigeodome frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 være redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel til §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av eigeodomekkattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigeodomekkattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigeodomekkattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigeodomar (gjeld ikkje fritidseigeodomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2018 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigeodomekkatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigeodomekkatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigeodomekkatten skal betalast i 4. terminar.

Bustadområde

Administrasjonen tek initiativ til dialog med utbyggarar om moglegheit for utbygging på Erikajorda. Administrasjonen tek og initiativ til dialog med grunneigar og utbyggarar om potensielle utbyggingsområde for bustadbygging og næringsområde i arealplanen.

22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf), er tidlegare i møtet, funnen ugild i saka. Han er tilsett som undervisningsinspektør ved Samnanger barneskule og har vore fungerande rektor i periodar. Han deltek difor ikkje i handsaminga av Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022.

Monica Tjønnå (Sp) møtte kl. 12:45 og deltok difor berre i delar av handsaminga av denne saka. Ho var med å røysta i saka.

Økonomisjefen bemerkar at det er feil årstal i rådmannen sitt framlegg til vedtak i det 9. avsnittet - "Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2018 eller seinare." Dette vert retta opp i av administrasjonen.

Rådmannen presenterte budsjettet 2019 og økonomiplan 2019-2022 for formannskapet. I rådmannen sitt forslag vil driften av kommunen verta redusert med 6 millionar i 2019. Samstundes vert det investert i ny teknologi. Det vert også fokusert på kompetanseheving i einingane.

Formannskapet diskuterte saka, og var einige med administrasjonen i at disposisjonsfondet bør

styrkjast slik at kommunen kan handtere ei eventuell renteauke på dei kommunale låna. Dette vert sett på som ei betre løysing enn å låse store delar av låna med fastrenter.

Øyvind Røen (Sp) sette fram ønskje om eit gruppemøte slik at ein kunne diskutere godtgjersla til politikarar i nemnder og ad.hoc grupper. Etter gruppemøtet signaliserte formannskapet at dei ønskjer at godtgjersle til medlemmar i nemnder og ad-hoc grupper vert handsama som eiga sak i eit seinare formannskapsmøte.

Øyvind Røen (Sp) lurte på om avtalen om medlemskap i Norsk bane gjeld til den evt. vert sagt opp. Dette sjekker administrasjonen opp i til handsaminga i kommunestyret.

Arild Røen(H) sette fram følgjande fellesframlegg:

Bustadområde

«Administrasjonen tek initiativ til dialog med utbyggarar om moglegheit for utbygging på Ericajordet. Administrasjonen tek og initiativ til dialog med grunneigar og utbyggarar om potensielle utbyggingsområde for bustadbygging og næringsområde i arealplanen».

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:

Kvalitetsdialog om modell for bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter

"Samnanger kommune skal i 2019 gjennomføra kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vera at kommunen har bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søker løysingar med størst mogleg grad av rettferdighet.

Forslag til ny vegmodell skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av om-klassifisering av fylkesveggar. (Ref. Handlingsprogram 2018 – 2021)

Til gjennomføring av kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune blir det satt ned ei ad-hoc nemnd bestående av følgjande personar:

1. Ordførar
2. Vidar Tveiterås (Ap)
3. Øyvind Røen (Sp)
4. Sture Tveit (H)
5. Odd Arne Haga (frp)
6. Leiar Teknisk drift (sekretær)

Nemnda konstituerer seg sjølv og rapporterer for formannskapet.

Det er ei målsetting at eventuelle anbefalte løysingar skal vera klar vår 2019."

Det vart røysta over dei to framlegga som tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak inkl. framlegget frå Arild Røen og Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

FORM- 058/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering.

Det vert tatt opp eit lån på kr 22 millionar i 2019 til finansieringa av Skottabakken. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha to avdragsfrie år. Me vil i tillegg ta opp eit byggelån på 10.486.000 kroner som vil bli tilbakebetalt så snart Husbanken betalar ut sitt tilskot.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling

av avdrag kan reduserast med 700 000 kroner i 2019. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedommen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedommen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2018 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskrivning av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Bustadområde

Administrasjonen tek initiativ til dialog med utbyggarar om moglegheit for utbygging på Ericajordet. Administrasjonen tek og initiativ til dialog med grunneigar og utbyggarar om potensielle utbyggingsområde for bustadbygging og næringsområde i arealplanen.

Kvalitetsdialog om modell for bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter

Samnanger kommune skal i 2019 gjennomføra kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vera at kommunen har bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søkjer løysingar med størst mogeleg grad av rettferdighet.

Forslag til ny vegmodell skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av om-klassifisering av fylkesvegar (Ref. Handlingsprogram 2018 – 2021).

Til gjennomføring av kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune blir det satt ned ei ad-hoc nemnd bestående av følgjande personar:

1. Ordfører
2. Vidar Tveiterås (Ap)
3. Øyvind Røen (Sp)
4. Sture Tveit (H)
5. Odd Arne Haga (frp)
6. Leiar Teknisk drift (sekretær)

Nemnda konstituerer seg sjølv og rapporterer for formannskapet.

Det er ei målsetting at eventuelle anbefalte løysingar skal vera klar vår 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering.

Det vert tatt opp eit lån på kr 22 millionar i 2019 til finansieringa av Skottabakken. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha to avdragsfrie år. Me vil i tillegg ta opp eit byggelån på 10.486.000 kroner som vil bli tilbakebetalt så snart Husbanken betalar ut sitt tilskot.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 700 000 kroner i 2019. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2017 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskrivning av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same

gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Dokument som er vedlagt:

Rådmannen sine merknader økonomiplan 2019-2022

Vedlegg 1_Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2019 _ kommuneopplegget

Vedlegg 2_Premiss budsjett 2019 Kontrollutvalet og Kyrkja

Vedlegg 3_Budsjettframlegg kontrollutvalet 2019

Vedlegg 4_Budsjettframlegg 2019 frå Samnanger kyrkjestyre

Vedlegg 5_Budsjettskjema_rådmannen sitt framlegg_inkludert oversikter_driftstiltak og investeringstiltak

Vedlegg 6_Kommunale avgifter og gebyr 2019

Vedlegg 7_Gebyrregulativ 2019_byggesaker_plansaker_oppmaaling

Kva saka gjeld:

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til økonomiplan for 2019 -2021 som skal handsamast av formannskapet i møte 22.11.2018 og i kommunestyret 13.12.2018. Første året i økonomiplanen er også budsjettet for 2019.

Utgangspunktet for den framlagde økonomiplanen er kommunestyret sine premissvedtak vedtak der det vart fastsett eit mål om å ha eit positivt netto driftsresultat på 2,0 % i 2019. Me leverer no eit positivt netto driftsresultat på 1,92% i 2019. I tillegg vart det gjort eit premissvedtak om å setja av 6 millionar på disposisjonsfondet i 2019, dette leverer me på.

Rådmannen har i sitt framlegg lagt til grunn dei fleste av føringane som vart gitt i premissar som er komen gjennom kvalitetsdialogen våren 2018.

Det er som vanleg lagt ned mest tid til utarbeiding av budsjettet for det første året i perioden. For å koma i mål med desse økonomiske måla for 2019 har heile organisasjonen jobba særdeles godt for å sjå på områder me kan effektivisera og evt omstilla for å få kostnadane nede, dette utan at det vil gå ut over verken kvaliteten på tjenestane til innbyggjarane ei heller dei ansatte.

På inntektssida har me sikra oss gjennom å inngå avtale på sal av konsesjonskrafta vår i 2019, dette skapar forutsigbarhet i eit marknad som fort kan snu begge veier. Me har teke høgde for endringar i eigedomsskatten på verk og bruk i økonomiplanperioden. Staten har uttalt at dei vil kompensera for et inntektsfrfall. Me har lagt til grunn ein økt skatteinngang på 1 million kroner. Innanfor sjølvkostområde legg me til grunn høgare satsar for å nærma oss et faktisk sjølvkostnivå og justerer opp prisane med 5% på avløp, feiing blir indexregulert mens vatn og slam blir ståande i ro.

Dagsenterprisen blir behalde på 80 kr mens me tar betalt for middag i tillegg.

Middagsprisen på heimen og til heimebuande vert justert til 110 kr.

Når det gjeld utgifter, har kommunen god styring, men det me ser er at me er nøydd til å fortsetja investera i ein del programvare på ulike hold som er høgst naudsynte for å holda tritt med utviklinga. Me har vald å setje ut driftinga av IKT til IKT NH frå desember av. Dette er gjort av hensyn til at me må ha fokus på kjernevirksomheita vår, for å skapa løysingar som gjev oss forutsigbarhet og at me må ha løysingar som gjer at me heng med i den stadig aukande digitaliseringa som foregår i markedet rundt oss.

Her ser me at me er avhengig av å samarbeida med andre kommunar for å klara å levera. Me har vurdert bruken av First Responder og har vald å dra denne ned noko i 2019 då me ser at bruken av denne er nedadgåande og er ikkje ein del av våre lovpålagde oppgåver. Me har kun lagt inn first responder i fyrste kvartal då dette skal utgreiast korvidt me skal videreføra bruken av denne innan 1 april.

Kommunen har høg lånegjeld, og utviklinga i renta er derfor ekstra viktig for kommunen sitt handlingsrom. Me har lagt til grunn ei flytande rente på 2.1 % i 2019. Delar av låna våre er på fastrente, og den er stort sett høgare enn det. For desse låna er sjølv sagt den reelle kostnaden lagt inn. FS/KS bør vurderer om me skal binda ein større andel av lånegjelda vår.

Vurderingar og konsekvensar:

Framlegg til økonomiplan tilfredsstillar krava om eit forsvarleg og oppfyller slik det ligg no vil me leverer eit positivt netto driftsresultat på 1,92% og avsetning til disposisjonsfondet på 6 millionar kroner.

SAKNR. 1: Interpellasjon

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) las opp interpellasjonen. Etter debatten orienterte Øyvind Røen om at han ønska å gjera ei endring i den andre setninga i framlegget sitt til vedtak. Han bad derfor om at kommunestyret gav tilslutning til at han kunne få omformulera denne setninga etter møtet. Kommunestyret gav tilslutning til dette.

Det vart røysta over framlegget til vedtak i interpellasjonen, som vart vedteke med 16 mot 4 røyster.

For Øyvind Røen sitt framlegg	Imot Øyvind Røen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Uavh)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Solveig Vassenden (Bl)	
Bright Olav Gåsdal (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Olaug Øystese (A)	
Harald Bøge (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Kristian Jørgensen (Uavh)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp)	
Svein Verner Røseth (Frp)	

Etter møtet har Øyvind Røen omformulert den andre setninga i vedtaksframlegget, slik at det første avsnittet vert som følgjer:

Samnanger kommune er kjent med at fjellområda aust i Samnanger er mellom dei stadene der NVE vurderer om det kan byggjast nye vindturbinar (analyseområde 17). Kommunen ønskjer ikkje at vindturbinar – med dei dimensjonane og det omfanget som er tenkt – vert lagde til Samnanger.

KS- 1 Vedtak:**Uttale om vindturbinar i Samnanger kommune**

Samnanger kommune er kjent med at fjellområda aust i Samnanger er mellom dei stadene der NVE vurderer om det kan byggjast nye vindturbinar (analyseområde 17). Kommunen ønskjer ikkje at vindturbinar – med dei dimensjonane og det omfanget som er tenkt – vert lagde til Samnanger. Samnanger kommune ser at vindkraft kan vera eit bidrag til å produsera meir energi utan utslepp av klimagassar. Men Samnanger har alt hatt store inngrep i naturen for å produsera og transportera fornybar elektrisk kraft.

I Samnanger-vassdraget produserer BKK årleg nesten 500 GWh ved fem ulike kraftverk. I tillegg har kommunen fått fleire mindre kraftverk, og nye er under planlegging. Dette har ført med seg mange store og små reguleringar av vatn og elver i Samnanger. Dessutan går det fleire store kraftlinjer gjennom Samnanger. Mellom desse er den omstridde Sima-Samnanger-linja, som endar i den store trafostasjonen i Børdalen.

Kommunen vil òg peika på at i Samnanger sin del av analyseområde 17 ligg eitt av dei siste store inngrepsfrie områda i midtre/ytre Hordaland; det gjeld både inngrepsfri sone 1 og 2, (jf. arealbruksindikatoren INON).

Samnanger kommune er glad for at Samnanger kan levera store mengder fornybar kraft til storsamfunnet. Samtidig er det eit viktig mål å gje urørt natur vidare til nye generasjonar. Samnanger kommune ønskjer difor ikkje nye, store inngrep i fjellområda.